

Representanten Sigmund Framnes (FRP) har stilt slikt spørsmål:

Som dere ser på vedlagt kartutsnitt er det eit busstopp/busslomme på FV44(gml.vegnr.) Her blir ventande passasjerar gjennomspylte når det blæs sønnavind eller sydaust. Det er eit lokalt ønske om å få på plass eit busskur så snart som mogleg, stoppet ligg på Husnes som er det mest befolka område i Kvinnherad kommune.

Ligg det ein plan for å sette opp busskur på det aktuelle busstoppet? Om ikkje er det moglegheit for å prioritere dette inn så snart som mogleg?

Fylkesdirektør infrastruktur og veg:

Fylkesdirektør for infrastruktur og veg har saman med fylkesdirektør for mobilitet og kollektiv sett ned ei faggruppe med deltakarar frå avdeling for mobilitet og kollektivtransport (MOK), Skyss og avdeling for infrastruktur og veg (INV). Gruppa har mellom anna som mandat til å tilrå kollektivtiltak innanfor dei årlege fylkeskommunale budsjettet. I budsjettet for 2021 er det sett av 22,5 mill. kr til kollektivtiltak utanom Bergen. Spørsmålet om å prioritere ei etablering av busskur på den aktuelle haldeplassen (fv. 44, gml. vegrn.) vil bli vurdert opp i mot andre søknader om kollektivtiltak i Vestland. Det blir gjort merksam på at gruppa har ikke mange søknader, men at budsjettet har avgrensa storleik.